

Strandsoneanalyse for Vik kommune

Første versjon: 2013

Revisjon: 23. august 2021




#velkomentilvik



Innhold

1. Bakgrunn	4
2. Nasjonale føringar	5
3. Planstatus for strandsona i Vik kommune	7
Arealdelen til kommuneplanen.....	7
Reguleringsplanar	7
4. Registreringar – status og utfordringar	9
4.1 Kunnskapsgrunnlag.....	9
4.2 Natur og naturressursar.....	9
4.3 Område for friluftsliv i strandsona.....	11
4.4 Kulturminne og kulturmiljø	12
4.5 Næringsverksemd i strandsona.....	13
4.6 Inngrep i strandsona.....	15
4.7 Naturfare og naturlege stengsel.....	15
5. Vurderingar. Retningslinjer for arealbruk i strandsona	17
5.1 Arealbrukskonfliktar.....	17
5.2 Område som bør skjermast for vidare utbygging.....	18
5.3 Retningslinjer for bygging i strandsona.....	18
5.4 Strekningsvis vurdering	18



**Føreord:**

For menneske har strandsona historisk sett vore viktig for levebrød og næring. I dag har strandsona i tillegg stor verdi for rekreasjon. Strandsona er eit særleg viktig oppvekst- og leveområde for dyr og plantar. Strandsona er ein avgrensa ressurs. I fjordlandskapet med bratte fjellsider utgjer dei attraktive strandstrekningane berre ein liten del.

Økonomisk og teknologisk utvikling har gjort oss i stand til å gjera store og uopprettelege inngrep i strandsona på kort tid.

I sentrale strom av landet er viktige område for naturmangfaldet og for allmenn utfart og rekreasjon forringa eller øydelagde av utbyggingstiltak, og store område er under press. I Vik kommune er byggepresset mindre, men aukande. Det er viktig å få avklara kva deler av strandsona som skal skjermast for byggetiltak og kva område som kan opnast for utbygging.



1. Bakgrunn

Mål

Føremålet med denne strandsoneanalysen er å skaffa fram eit betre grunnlag for lokal forvaltning av strandsona i kommunen.

Analysen skal avdekka arealbrukskonfliktar og gje grunnlag for tilrådingar om kva område i strandsona som bør skjermast for utbygging, og område som kan vurderast for utbygging.

Analysen skal leggjast til grunn for revisjon av arealdelen i kommuneplanen.

Analysen gjev og retningslinjer for handsaming av enkeltsaker i strandsona.

Formell status

Dette dokumentet har status som *fagutgreiing* utarbeidd av Rådmannen til bruk i forvaltning og planlegging. Arbeidet er ei oppfylging av «Planstrategi for Vik kommune 2020-2023».

Dokumentet vert lagt fram for formannskapet og kommunestyret til orientering.

Definisjonar

Med *Strandsona* er i denne samanhengen meint landareal i 100 metersbeltet langs sjøen, målt horisontalt.

Der offentleg veg går i 100-metersbeltet, er berre arealet mellom sjøen og vegen rekna som strandsona. Omgrepet strandområde vert brukt om sjølve stranda og tilliggjande område der vegetasjon, bygningsmiljø og aktivitet er knytt til fjorden. Arealdelen til kommuneplanen vert omtala som KPA.

Geografisk avgrensing

Analysen omfattar den ca. 100km lange strandsona i Vik kommune, frå grense mot Høyanger kommune til grense mot Aurland kommune i Nærøyfjorden, med unntak for strandsona i Vik tettstad (Vikøyri). Strandsona i Vik tettstad, frå naustrekka i aust til og med naustrekka i vest, er ikkje med i analysen då området er utbygd og arealbruken hovudsaklege er avklara i reguleringsplanar/arealplanen til kommuneplanen.

Metode

Første versjon av strandsoneanalysen vart utarbeidd i 2013. Rettleiar av 2003 for strandsoneanalyse, utarbeidd av dåverande Fylkesmann i Sogn og Fjordane og Sogn og fjordane fylkeskommune, vart lagt til grunn for analysen, med visse tilpassingar. Ved revisjon i 2021 vert den opphavslege analyse lag til grunn. Der det har kome endringar i strandsona eller der vi har ny kunnskap vert det gjort endringar i analysen. Kunnskapsgrunnlaget er nærare omtalt i kap.4.





2. Nasjonale føringar

Plan- og bygningslova av 2008 set eit generelt forbod mot byggetiltak etter §1-8 i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag.

Byggegrensa gjeld der det ikkje er fastsett anna byggegrense i kommuneplanen sin arealdel eller i reguleringsplan.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning strandsona langs sjøen.

Regjeringa har, i mai 2021, vedteke nye statlege planretningslinjer. Dei nye retningslinjene erstattar tidlegare versjon frå 2011.

Dei reviderte retningslinjene er i stor grad dei same som tidlegare, men med anna utforming og med vesentleg vekt på omsyna som strandsonevernet skal ta vare på, dvs. natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Retningslinjene deler kystkommunane i landet inn i tre soner. Vik kommune og våre nabokommunar langs Sognefjorden høyrer til i den sona med minst utbyggingspress (sone 3). Strandsonevernet kan praktiserast noko meir liberalt i sone 3 enn i sone 2, men retningslinjene er likevel tydelege på at avklaring av arealbruken i strandsona skal skje gjennom planlegging, dvs. arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar, og ikkje gjennom enkeltvise dispensasjonar.

Kommunane skal leggje retningslinjene til grunn i planarbeidet, og vurdere strandsona i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv.

Retningslinjer for kystkommunar i «områder med mindre press på arealene» (sone3):

Byggeforbud

Utbygging skal bare tillates etter en konkret vurdering ut fra lokale forhold. I områder uten press vil det være enklere for kommunene å gi tillatelse til å bygge enn i områder der presset er stort.

Kommuneplan og reguleringsplan

Det bør ikke tillates utbygging i områder som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfold, kulturmiljø og landskap. Det gjelder for eksempel utbygging i kyst- og fjordlandskap med spesielle kvaliteter. Forholdet til andre interesser, som for eksempel landbruk, fiske, akvakultur og reindrift må også vurderes. Der det tillates bygging, bør hensynet til andre interesser ivaretas best mulig.

Kommunene bør innføre bestemmelser i kommuneplanen for størrelse og standard for fritidsboliger i strandsonen.





Større anlegg- og utbygginger til næringsvirksomhet, bolig- eller fritidsbebyggelse vil alltid kreve reguleringsplan jf. pbl. § 12-1.

I områder hvor alt tilgjengelig utbyggingsareal ligger innenfor 100-metersbeltet, og alternativ plassering av tiltak dermed ikke er mulig, vil kommunen ha videre adgang til å vurdere ny utbygging i strandsonen. Vurderingen vil være avhengig av hva slags type tiltak det gjelder og hvilke andre interesser som gjør seg gjeldende i områder.

Behovet for næringsutvikling og arbeidsplasser, for eksempel satsing på reiseliv og turisme, skal tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet. I byer og tettsteder skal behovet for fortetting og byutvikling tillegges vekt. Arealer til bolig-, sentrums- og næringsutvikling bør som et utgangspunkt prioriteres foran arealer til fritidsboliger.

Det kan være grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjørettede reiselivsbygg. Slik tiltak bør samles og lokaliseres i tilknytning til annen bebyggelse. Felles brygger og naust bør prioriteres. Det kan også være grunnlag for å tillate bruksendring av verneverdige naust og sjøboder til næringsformål og allmenntilrette formål.

Plassering av ny bebyggelse

Utbygging bør så langt som mulig lokaliseres til områder som er bebygd fra før, og med vekt på fellesløsninger for veier og annen teknisk infrastruktur.

Alternative plasseringer bør vurderes og velges dersom det er mulig. Det bør også vurderes om tiltaket kan trekkes vekk fra sjøen. Tiltak som tillates må tilpasses omgivelsene best mulig.

Terrenginngrep og infrastruktur

Terrenginngrep bør ikke tillates på arealer som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfold, kulturmiljø og landskap. I planleggingen skal det legges vekt på om hensynet til tilgjengelighet for allmennheten kan ivaretas ved at det eksempelvis avsettes areal til kyststi, friluftsområde eller liknende.

Tomteopparbeiding, etablering av veier og annen infrastruktur bør skje slik at terrenginngrep og ulemper blir minst mulig.

Det bør legges vekt på løsninger som gir allmennheten bedre tilgang til sjøen og en forbedret landskapssituasjon gjennom terrengbehandling, planting av vegetasjon og lignende.

Nasjonal laksefjord

Den delen av Sognefjorden som ligger i Vik kommune er vedteken som nasjonal laksefjord. Vikja er nasjonalt laksevassdrag. Målet er å gi dei viktigaste laksebestandane eit særskilt vern. I nasjonale laksefjordar er det ikkje lov å etablere nye tiltak og aktivitetar som kan skada villaksen. I [St.prp. nr 32](#) (2006-2007) står det: «I laksefjordene skal det ikke etableres ytterligere matfiskoppdrett for laksefisk, og eksisterende virksomhet vil bli underlagt strengere krav til rømmingssikring og strengere krav til kontroll av lakselus og annen sykdom».



3. Planstatus for strandsona i Vik kommune

Arealdelen til kommuneplanen

Gjeldane arealdel til kommuneplanen vart vedteken i 2014. Arealdelen til kommuneplanen skal reviderast.

I Vik kommune har 100km strandsona. Gjeldane arealdelen vedteken 2014 syner fylgjande arealbruk i strandsona (med ca. tal for utrekning):

- LNF-område og grønnstruktur 83,1 km (2013: 85,8 km)
- Byggeområde 16,9 km (2013: 14,2 km)

Arealdelen viser 4 område for akvakultur (6400 Akvakultur) i sjøområde inntil strandsona og 10 låssetjingsplassar (6300 Fiske) i sjøområde inntil strandsona. 10 område er sett av til småbåthamn (2630) og 7 område er sett av til friluftsområde i sjø (6700).

Bruk og vern av sjø og vassdrag i kommuneplan 2013-24.

ID	6230 Småbåthavn		6400 Akvakultur
VA-1	Granden, Indrefjorden	VA-31	Hustavenes
VA-2	Framfjorden Vest	VA-32	Eitrestrondi
VA-3	Framfjorden. Holane	VA-33	Håstrondi
VA-4	Røyrvik	VA-34	Straumsnes
VA-5	Havnen, Vik		
VA-6	Vetløyri, Vik		
VA-7	Vangsnes		6300 Fiske (låssetjingsplassar)
VA-8	Osen i Feios	VA-20	Tenne, Arnafjorden
VA-9	Langaneset, Borlaug	VA-21	Finnafjorden
VA-10	Åsberget, Indrefjorden	VA-22	Geithus
	6700 Friluftsområde i sjø	VA-23	Otterskred, Arnafjorden
VA-11	Indrefjorden	VA-24	Galden, Vik
VA-12	Framfjorden	VA-25	Hjelmaneset, Feios
VA-13	Limmesand-Ligtvor	VA-26	Fresvik
VA-14	Havnen, Vik	VA-27	Simlenes
VA-15	Juvik-Vangsnes	VA-28	Framfjorden
VA-16	Feios	VA-29	Kaldagjelet, Feios.
VA-17	Fresvik		

Reguleringsplanar

Oversikten under syner at i ca. 9,5 km av strandsona i Vik kommune er omfatta av reguleringsplanar. Statistikken viser også at etter at arealdelen til kommuneplanen vart revidert i 2014 har det vorte vedteke 5 ny reguleringsplanar, som samla regulerer ca. 1,9 km av strandsona.

Fylgjande reguleringsplanar gjeld i strandsona:





Namn	Planidentitet	Stadfesta	Meter
Fresvik			
Fresviksentrum	4639_1417-1982001	1982	400
Nausttomter/småbåthamn, Øyri, Fresvik	4639_1417-2006007	2006	200
Feios			
Arnfinn Fedje 159/16	4639_1417-2008001	2008	100
Feios skule	4639_1417-1999002	1999	100
Rinde bustadfelt. Feios	4639_1417-1984001	1984	200
Rinde hyttefelt. Feios	4639_1417-2007004	2007	350
Vangsnes -Gotevik			
Nordre Vangsnes	4639_1417-1990003	1990	1400
<i>Detaljregulering Kleivi</i>	<i>4639_1417-2015003</i>	<i>2016</i>	<i>70</i>
Sinklesteinsviki	4639_1417-197800	1978	200
<i>Hytteområde Hagane</i>	<i>4639_1417-2013002</i>	<i>2014</i>	<i>350</i>
Djuvik Friområde	4639_1417-198600	1986	300
<i>Goteviktunnelen, del Gotevik</i>	<i>4639_1417-2014001 -1</i>	<i>2015</i>	<i>130</i>
Vik - Røyrvik			
Sardinen	4639_1417-199901	1999	130
<i>Goteviktunnelen del 1</i>	<i>4639_1417-2014001 -1</i>	<i>2015</i>	<i>510</i>
Hola	4639_1417-1994001	1994	180
Sjøfronten på Vikøyri	4639_1417-2009004	2009	700
Prestberget	4639_1417-1969001	1969	800
<i>Hovsviki</i>	<i>4639_1417-2013001</i>	<i>2017</i>	<i>600</i>
Ligtvor	4639_1417-200800	2008	700
Vodlateigane.	4639_1417-1986002	1986	200
Røyrvik bos plass		1993	100
Hytter Røyrvik	4639_1417-2008002	2008	200
Arnafjorden - Hanekamb			
Osen i Framfjorden	4639_1417-200400	2004	300
Valsvikhammaren	4639_1417-2006001	2006	100
Reguleringsplan Åsstrondi. Naust	4639_1417-2011004	2011	100
Granden . Indrefjorden	4639_1417-2006003	2006	100
Reguleringsplan Hagen, Indrefjorden	4639_1417-2006004	2006	200
Reguleringsplan Tenne	4639_1417-1990001	1990	300
Utleiehytter Nese. Arnafjorden	4639_1417-2006009	2006	300
<i>Bjørkviki - Hanekambneset</i>	<i>4639_1417-2015005</i>	<i>2016</i>	<i>200</i>
Sum regulert strandsone:			9 520m



4. Registreringar – status og utfordringar

4.1 Kunnskapsgrunnlag

Kunnskapsgrunnlaget for denne analysen er:

Kjent kunnskap i offentlege register/basar/arkiv:

- www.fylkesatlas.no
- www.naturbase.no
- www.ngu.no
- Vik lokalhistoriske arkiv
- Digitalt kartverk
- Rapportar : Hauge 1990 og 1992: Kulturlandskap og kulturmarkstypar.

Lokalkunnskap i administrasjonen.

Revisjon av strandsoneanalysen er utført av avdeling for plan og forvaltning ved plansjef Turid Kristine Brekke.

Plan og forvaltning har vore ressursgruppe for arbeidet. Tilsette ved plan og forvaltning har samla sett mykje relevant kunnskap om forhold og utfordringar i strandsona.

4.2 Natur og naturressursar

Topografi/geologi.

Strandsona i Vik kommune består i hovudsak av fjellsider som stuper bratt ned i fjorden.

Fjellgrunn:

Frå kommunegrensa til Høyanger til Borlaug: granittiske gneisar.

Frå Borlaug til kommunegrensa til Aurland: Gabbroide gneisar og anortosittgabbro.

På ein strekning på mindre enn ein km. i Feios når fyllittlaget ned til sjøen.

Nokre kortare strandstrekningar der dalar/elvar munnar ut i fjorden har lausmassedekke. Dette gjeld Finden, Tenne, Indrefjorden og Framfjorden, samt Vikøyri og Fresvik.

I tillegg finst mindre elvevifter av lausmasseavsetningar langs fjorden.

Fjordbassenget gjev godt lokalklima og fjellgrunnen god grobotn.

Fjellsidene er i hovudsak skogkledde med store innslag av edellauvskog.

Historisk er jordbruk og busetting konsentrert ved elveosane og tilhøyrande dalføre:

-Tenne, Indrefjorden, Framfjorden.

-Vikøyri, Feios og Fresvik med tilhøyrande dalføre.

Nokre slakare parti og nes langs fjorden har gjeve grunnlag for dyrking og busetting.


Det gjeldt deler av Strendene/Finnafjorden, Nese, strekninga Limmesand-Ligtvor, strekninga Gotevik-Vangsnes, Borlaug og Simlenes.



Naturområde. Biologisk mangfold

Verna område etter NML(Naturmangfaldlova) i strandsona:

- Finnafjorden. Del av Stølsheimen landskapsvernområde. Ca 11 km strandsone.
- Eitrestrondi Naturreservat. Edellauvskog. Grensa for naturreservatet går på oppsida av fylkesveg 5600. Naturreservatet strekkjer seg ca. 5km langsmed fylkesvegen/fjorden.



Stølsheimen landskapsvernområde og Nærøyfjorden landskapsvernområde er vist med grøn farge. Eitrestrondi naturreservat er vist med raud farge. Kjelde: Fylkesatlas.

Viktige naturtyper (Fylkesatlas.no) i strandsona:

Dette er område som er spesielt viktige for å ta vare på det biologiske mangfaldet. Delt inn i høg regional verdi (A), regional verdi (B) eller lokal verdi (C). Lokalitetane er ikkje verna, men er viktige å ta omsyn til i all arealplanlegging.

- 2 lokalitetar på **Sylvarnes**. Slåttemark og Hagemark. A-verdi. Ca 200m.
- 2 lokalitetar i **Finnabotn**:
 - Storehovden: Gamal edellauvskog. B-verdi. Ca. 500m.
 - Finnabotn: Hagemark. B-verdi. Ca. 100m.
- **Hustavenes- Otreskreda**: Edellauvskog. B-verdi. Ca. 1,5 km:
- **Morki, Nese**: Hagemark. C-verdi. Ca. 0,2 km.
- **Tenneselvi sitt utløp**: Brakkvannsdelta. C-verdi. Ca. 180m.
- **Dalselvi sitt utløp**: Brakkvannsdelta. C-verdi. Ca. 300m.
- **Framfjorden, under Bungane**: Rik edellauvskog. A-verdi. Ca. 1km.
- **Eiketre Øygarden/Svardal**. A-verdi.
- **Galden, RV13 Vik-Vangnes, Danmarkgjelet**: Rik edellauvskog. C-verdi. Ca. 0,7 km.
- **Kaldagilet, mellom Vangnes og Feios**: Gamal boreal lauvskog. B-verdi. Ca 1km.
- **Straumsnes–Vigdalen**: Edellauvskog. A-verdi. Ca. 3,5km.
- **Elveosen i Fresvik, Øyri**: Strandeng og strandsump. C-verdi. Ca.80m.



Andre verdifulle naturområde (lokal vurdering):

- Liktvor/Liktvorholmen.

Inngrepsfri natur

Deler av den veglause strandsona i kommunen er i 2018 kartlagd som område med inngrepsfri natur (INON). Dette gjeld så kalla tyngre, tekniske inngrep. Frå Høyanger grense til Nese ligg ca. 4km strandsona meir enn 3 km frå næraste inngrep og ca. 23 km strandsona ligg meir enn 1km frå næraste inngrep. På nordsida av Mulakamben i Fresvik ligg ca. 1,9 km strandsona meir enn 1km frå næraste inngrep.

Naturressursar

Sand- og grusressursar i strandsona. Kjelde: www.ngu.no

NGU har registrert 7 førekomstar av sand og grus der deler av massane ligg i strandsona:

Sylvarnes, Otterskred, Framfjorden, Røyrvik, Borlaug.

Berre førekomsten i Framfjorden er vurdert som viktig. Røyrvik og Borlaug er karakterisert som lite viktige. Dei andre er ikkje vurderte.

Vasskraft (nve.no)

Det er , i august 2021, tre gyldige konsesjonar som ikkje er utbygde, men som ved ei framtidig utbygging *kan* medføre tiltak i strandsona:

- Feios kraftverk
- TVK kraftverk, Vigdalselvi/Kolåselvi vest for Fresvik
- Eitreelvi kraftverk

Skog

Ca 50% av strandsona har høg bonitet for skogproduksjon. Skogproduksjon i strandsona er vurdert å ha liten økonomisk interesse.


Dyrka mark

Større areal dyrka mark i strandsona: Finden, Nese, Tenne, Indrefjorden, Framfjorden, Liktvor, Djupeviki, Hagane, Fedjane, Borlaug, Fresvik, Simlenes. Deler av områda har status som kjerneområde landbruk for matproduksjon.

4.3 Område for friluftsliv i strandsona

Kartlegging og verdsetting av friluftsområde vart gjennomført av Vik kommune i 2018. Arbeidet vart utført i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar «Kartlegging og verdsetting av friluftsområder». Kartlegginga gjeld område som vert nytta som friluftsområde.





Kartlagde og verdsette friluftsområde. Kjelde: Fylkesatlas.

Kartlagde og verdsette friluftsområde i strandsona:

- | | |
|---------------------------------|-----------------------------|
| • Strendene | svært viktig friluftsområde |
| • Finnafjorden | svært viktig friluftsområde |
| • Arnafjorden | svært viktig friluftsområde |
| • Liktvor – Eitreneset | svært viktig friluftsområde |
| • Sinkelsteinsviki | svært viktig friluftsområde |
| • Osen i Feios | registrert friluftsområde |
| • Feios skule og oppvekstsenter | svært viktig friluftsområde |
| • Strondi i Fresvik | svært viktig friluftsområde |

I tillegg til kartlagde og verdsatte friluftsområde ovanfor er fylgjande område vurder som viktige frilufts/utfartsområde:

- Djupeviki, naturleg svaberg og rullesteinstrand. Parkeringsplass ved rv.1
- Kråkesteinen, naturleg svaberg og rullesteinstrand mellom Djupeviki og Hagane.
- Monken sør for småbåthamna på Vangsnes, område har tidlegare vore mykje i bruk som badeplass, litt mindre bruk no men området er sett av til grønstruktur i KPA14.

Store deler av strandsona frå Djupeviki til Vangsnes ferjekai er utbygd med reiselivsbygg og private hus og hytter. Attverande, ikkje utbygde område, kan ved tilrettelegging få stor verdi for friluftsliv.

4.4 Kulturminne og kulturmiljø

Det er registrert freda kulturminne (eldre enn 1537) i strandsona ved Årek, Sylvarnes, Vollaviki, Geithus, Indrefjorden, Svardal, Liktvor, Djupeviki, Krossviki, Tveit, Vangsnes, Rinde, Borlågneset og Straumsnes.



Vestland fylkeskommune har, etter innspel frå Vik kommune, kome med forslag om at Strendene (Ålrek-Vollaviki) vert vurdert som kulturhistorisk område av nasjonal interesse (KULA).

Verdifulle kulturmiljø i strandsona i samsvar med kulturminneplan for Vik kommune 2018-2029.

- Sylvarnes, kulturmiljø, vern gjennom arealdelen til kommuneplanen.
- Finna fjorden er del av Stølsheimen landskapsvernområde.
- Kaimiljøet på Nese, kulturmiljø, vern gjennom kulturminneplanen.
- Naustmiljøet i Valsvik, kulturmiljø, vern gjennom kulturminneplanen.
- Naustmiljø Rindesfjora, kulturmiljø, vern gjennom reguleringsplan.

I innleiinga er strandsona definert på fylgjande måte: «*Der offentleg veg går i 100-metersbeltet, er berre arealet mellom sjøen og vegen rekna som strandsona*».

For Øyri betyr dette at det er ingen kulturminne/kulturmiljø som er i strandsona, slik ho er definert over. Dersom vi ser vekk i frå riksvegen i dette området er fylgjande kulturminne/miljø innanfor 100metersbeltet:

- Vikøyri strandsitjarmiljø, kulturmiljø, verna gjennom reguleringsplan.
- Villaen i Hamnen, kulturminne, vern gjennom reguleringsplan
- Forretningsgata i Vik, kulturmiljø, vern gjennom kulturminneplanen.
- Vetleøyri, kulturmiljø, vern gjennom kulturminneplanen.

SEFRAK-registeret:

Bygningar bygde før ca. 1900 er registrert i SEFRAK-registeret. Registreringar i Vik vart gjort for ca. 30 år sidan, og har sidan den gongen ikkje vorte oppdaterte. Nettsida fylkesatlas.no syner registreringane. Nokre strandstrekningar merkar seg ut med stor konsentrasjon av kulturminne:

- Dei veglause Strendene frå Ålrek til Geithus .
- Nese og Framfjorden
- Feios-Borlaug
- Fresvik.

4.5 Næringsverksemd i strandsona

Mange gardsbruk har produksjonsareal i strandsona, som dyrka mark eller skog. For bruk langs dei veglause strendene er naust og kai/molo ein naudsynt del av produksjonsmidlane.

Nokre bruk i Arnafjorden, på Liktvor og på strekninga Djupeviki-Vangsnes driv campingplassar og utleigehytter som attåtning i strandsona.

Det er lite direkte sjøretta næringsverksemd i strandsona i Vik.

Settefiskanlegget på Tenne i Arnafjorden ligg i strandsona, og er under utviding.



I gjeldande arealdel til kommuneplanen er det sett av:

- 10 tradisjonelle låsettingsplassar for fjordfiske etter brisling.
- 4 lokalitetar for akvakultur i sjø er og viste. Ingen er i bruk pr. 2021.

Tømmerkai for Vik kommune ligg ca. 2 km vest for Feios.

Reiseliv:

Utleieeiningar/reislivsverksemdar i strandsona i Vik Kommune:

- Finnabotnen hotell: 2 bygningar, 25 senger.
Nye eigarar – konsept under utvikling.
- Otterskred Fjordhytter: 3 bygningar, 20 senger.
- Arnafjord Hytter: 9 bygningar, 68 senger.
- Utleiehytter Tenne/Nese: 3 hytter, 11 senger.
- Liktvor: 1 bygning, 6 senger.
- Djuvik camping: 22 campinghytter, 80 senger.
30 oppstillingsplass for bubilar/campingvogner.
- Tveit camping: 5 hytter m/bad, 5 hytter u/bad, totalt 40 senger.
40 oppstillingsplass for
bubilar/campingvogner/motorsykkel med telt.
10 faste sesong-plassar for campingvogner.
- Fjellheim Camping : 11 campinghytter, 30 senger. Delvis i drift.
- Sjøstigen i Fresvik: 3 bygningar, 22 senger.

Sum: 64 bygningar, 302 senger, 70 oppstillingsplassar for campingvogner/bubilar/motorsykkel med telt.



Reiselivslonasjonar i strandsona vist med blå sirkel.



4.6 Inngrep i strandsona

På strekninga Nese – Fresvik er det køyreveg i strandsona. Samla veglengd er ca. 60km. Med unntak av korte strekningar på Nese, Tenne, Liktvor, Djupeviki, Feios og Fresvik ligg vegen nærare enn 100m frå sjøen. Vegen går i tunnel (5 tunellar) i ca. 6,5 km av strekninga.

Hamner/kaianlegg (utanom Vikøyri):

Større kaiar finn vi på Nese, Framfjorden, Stølaneset, Vangsnes, Tømmerkaien, Osen i Feios, kai i Fresvik sentrum.

Bygg i strandsona:


Type bygg	Tal
Hytter	94
Bustad	91
Landbruksbygg	169
Garasje/uthus - gjeld dette også naust?	275
Næring – overnatting/forretning/produksjon	66
Skule	1
Andre	6
SUM	702

Merknad: Tal i tabellen er automatisk generert ut i frå matrikkelkartet. Det vart lagt inn eit polygon som definerer strandsona. Tala må lesast med atterhald om mangelfulle eller feil opplysningar om bygningstype i grunnlaget, men gjev eit bilete av storleiksorden.

4.7 Naturfare og naturlege stengsel.

Store deler av strandsona ligg i område med potensiell fare for «snøskred og steinsprang (NGI)» og/eller «jord-flaumskred», jamføre [NVE sine temakart](#). Større område utan potensiell rasfare: Nese, Tenne, Framfjorden, Liktvor, Djupeviki-Vangsnes, Feios og Fresvik. I 2019 gjennomførte NVE faresonekartlegging for deler av Vik kommune. Faresonekarta viser reell rasfare. Deler av strandsona har derfor kartlag faresone: Nese-Tenne, Indrefjorden, Framfjorden, Svollsviki-Liktvor, Fedjane-Borlaug og Fresvik.





Faresonekartlegging i Vik kommune.

I tillegg kjem skredfarekartlegging for strandsona i Fresvik. Kartlegging var utarbeidd i etterkant av skredhendinga i strandsona i februar 2020. Kartlegginga viser faresonekart for eventuelle framtidige skred i fjorden og strandsona.



Figur 13 Kart som viser helning av sjøbunnen i 2020, faresone for skredhendelser og tolkede løsneområder for eventuelle fremtidige skred.

Naturlege stengsel for tilkomst er: bratt fjell rett i fjorden, dyrka mark, ikkje vegtilkomst, ikkje landingsplass for båt.

Store deler av standsona i Vik kommune er vanskeleg tilgjengeleg. Strekningar med lett tilkomst frå land (via offentleg veg og utmark til strand):

- Morki-Tenne-Indrefjorden (2,5km strekning)
- Rundøyri i Framfjorden
- Limesand – Svollsviki – Liktvor (5 km strekning)
- Deler av strekningen Djupeviki – Vangsnes (5km strekning)
- Deler av strekninga Feios – Borlaug (5 km strekning)
- Fresvik: Kaien og badeplassen



Strekningar med lett tilkomst frå sjø:

- Deler av den veglause strekninga Ålrek – Finna fjorden – Nese.
- Tenne – Indrefjorden
- Framfjorden
- Stølanset (kai)
- Deler av strekninga Limmesand – Liktvor
- Deler av strekninga Djupeviki – Vangsnes
- Vangsnes småbåthamn
- Deler av strekninga Feios – Borlaug
- Fresvik; Båthamna
- Simlenes

5. Vurderingar. Retningslinjer for arealbruk i strandsona

5.1 Arealbrukskonfliktar

Strandsona har eigenverdi som viktig biotop og oppvekstområde for dyr og planter, men er også ein viktig ressurs for rekreasjon, og for næringsutvikling i form av reiseliv/turisme. Dette gjev grunnlag for konkurranse om eigna areal.

Med tanke på å styrka grunnlaget for tenester og tilbod kan det vera rett å legge til rette for utvikling av turisme og hyttebygging i kommunen.

Det meste av strandsona i kommunen er uaktuell for utbygging på grunn av terreng, naturfare, vern og/eller manglande tilkomst. Attraktive område for byggeformål er i hovudsak samanfalle med område som er attraktive som friluftsområde. Det er viktig at attraktive og eigna område i strandsona ikkje vert vidare privatiserte, men vert reserverte og tilrettelagde som fellesgode/friluftsområde for alle.

Det er ikkje registrert byggepress i område verna etter Naturmangfaldlova (Finna fjorden og område i nærleiken av Eitrestrondi naturreservat).

Når det gjeld område som i Naturbasen er klassifisert som viktige naturtypar er det arealbrukskonfliktar i del av området Morki. Morki er i gjeldande arealdel sett av til noverande og noko framtidig fritidsbygg.

Friluftsområde som er kartlagt til å vera «svært viktige friluftsområde» som er/kan verta attraktive for bygging (hytter/naust):

- Arna fjorden: spesielt strekningen Tenne-Indrefjorden
- Liktvor – Eitraneset: strekningen Liktvor – Limmesand

Det er ikkje registrert vesentleg arealbrukskonfliktar knytt til registrete mineralressursar i strandsona.



Det er ikkje registrert vesentleg arealbrukskonfliktar knytt til registrerte låssetjingsplassar.

Det er ikkje registrert vesentleg arealbrukskonfliktar knytt til eksisterande næringsverksemder i strandsona.

Det er ikkje registrert vesentleg arealbrukskonfliktar knytt til registrerte kulturminne i strandsona.

5.2 Område som bør skjermast for vidare utbygging

Generelt:

- Område med påvist naturfare(ras og flaumskred)
- Område som er verna/freda etter Naturmangfaldlova
- Område som er registrert som viktige naturtypar
- Område med stor natur- og landskapsverdiar
- Viktige friluftsområde i strandsona

Strandsone som er særleg viktig å sikra som friluftsområde/utfartsområde:

- Svollsviki - Liktvor
- Djupeviki – Vangsnes. Attverande, ikkje utbygd strandsone slik som Kråkesteinen som er nytta som badeplass.

5.3 Retningsliner for bygging i strandsona

Utbygging bør som hovudregel gjerast i form av utviding og/eller fortetting av eksisterande utbygde område. Prioriterte byggeformål bør vera:

- Tilrettelegging for friluftsliv (småbåthamn/naust, badestrender, tilkomstveg/turveg).
- Reiseliv som næring slik som t.d. utleigehytter og camping.

5.4 Strekningsvis vurdering

Generelt om bygningar/tiltak for landbruk og anna stadbunden næring.

Føresegner etter Pbl § 11-11.4 om unnatak frå byggeforbod i 100-metersbeltet for naudsynte bygg og anlegg for landbruk er lagt inn i gjeldande arealdel til kommuneplanen (KPA14): føresegn pkt. 5.2. Føresegna bør vidareførast ved revisjon.

Føresegn pkt 1.4 i KPA14 set byggegrense nærare enn 100 meter for desse områda: Vik sentrum, Fresvik sentrum, Sinkelsteinsviki, Rinde bustadfelt, Nordre Vangsens. Føresegn bør vidareførast ved revisjon.



Kommunegrensa til Høyanger – Nese, ca. 30km.

Veglaus strekning. Tilkomst via private kaianlegg. Aktiv drift på eit fåtal bruk. Dei fleste tun/bruk ligg i 100-metersbelte. Finna fjorden er ein del av *Stølsheimen landskapsvernområde*, i medhald av NML. Store deler av kulturlandskapet/innmark er i ferd med å gro att med skog. Sylvarnes, Otterskred og Finden er unnatak. Kulturlandskapet gir området særpreg og unik kvalitet. Årek og Sylvarnes er sett av til omsynssone kulturlandskap i gjeldande KPA 14. Merka tursti frå Ortnevik til Sylvarnes og vidare til Vollevik. Turstien Ortnevik – Sylvarnes/Vollevik har unike kvalitetar og bør haldast ved like. Skulehuset på Sylvarnes er leigd ut frå Vik kommune til Vik turlag og fungerer som utbetjent DNT-hytte. Ein del registrerte bustadhus i strandsona er i reelt bruk som fritidsbustader. I KPA14 vart eit areal ved Bjørkeviki/Hanekambneset sett av til LNFR-spreidd hyttebygging som eit svar på ynskje om hytte i strandsona frå folk med tilknytning til området.

Mellom Hustavenes og Otterskred er det sett av eit større område (VA 31) i fjord til akvakultur.

Tilråding:

- Det bør leggjast til rette for at kulturlandskapet og eksisterande bygg vert teke vare på. Eventuelle nye byggetiltak bør ha form og plassering som underordnar seg eksisterande bygg og kulturlandskap.
- Bør vurdere å legge inn fleire eller utvide omsynssone for kulturlandskap ved revisjon av KPA.
- Bør vurdere om området sett av til akvakultur skal vidareførast.

Nese - Eitrenest, ca. 14 km.

Arnafjord har hatt folketalsnedgang og hyttefolk/reiseliv er eit viktig grunnlag for lokale tenester og tilbod. Strandsona er ein viktig ressurs. Kaimiljøet på Nese er verdifullt kulturmiljø. Mellom tunellen og Eitrenestet er eit større området i fjorden (VA-32) sett av til akvakultur.

Tilråding:

- Arealbruk i KPA14 bør i hovudsak vidareførast.
- Det må gjerast ein vurdering av byggeformål i forhold til den nye faresonekartlegging frå NVE.
- Strandsona Tenne – Indrefjorden bør skjermast for fleire byggetiltak, med unnatak for regulert småbåthamn (VA1 og VA 10) og området sett av til næring (N1).
- Bør vurdere om området sett av til akvakultur skal vidareførast.



Eitreneset – Vik, ca. 11 km.

På strekninga Limesand – Liktvor (ca. 5 km) ligg nokre av dei mest attraktive områda for både fritidsbygg og for friluftsliv/bading i kommunen. I KPA 14 er deler av li-sona på oppsida av vegen sett av til fritidsbygg. Ca. 800m av strandsona er sett av til naust (FN 7, FN8) og ca. 900m strandsona er sett av til fritidsbygg (F12). Aktsemdskart for skred viser potensiell fare frå Eitreneset til Svolsvik, frå Svolsvik til Liktvor har NVE utarbeidd faresonekart. Naturlege, ikkje tilrettelagte badeplassar ved Limesand og Svollsviki. I området ved Svollsviki/Vikaneset er ca. 100m strandsona sett av til grønstruktur (G21). Liktvor har unike kvalitetar som friluftsområde, arealbruk styrt gjennom reguleringsplan.

Tilråding:

- Strandsona bør som hovudregel reserverast for naudsynte fellesanlegg, og som friluftsområde for allmenn bruk.
- Bør vurdere å utvide område for grønstruktur, G21, til også å omfatte strondi i Svollsviki.
- Bør vurdere å sett av badeplassen ved Limesand til grønstruktur.
- På strekninga bør det ikkje tillatast bygging av fleire hytter eller naust i strandsona. Bør vurdere om deler av byggeområde skal takast ut ved revisjon, eventuell vidareføring av byggeområde må vurderast opp mot potensiell rasfare.
- Liktvor og Liktvorholmen er viktige landemerke og viktige friluftsområde. Området bør ikkje verta forringa av nye byggetiltak.

Vik – Vangsnes, ca. 10 km.

På strekninga Djupeviki – Vangsnes (ca. 5 km) ligg tre campingplassar med til saman 43 hytter og 150 sengeplassar for utleige. I tillegg finn vi nærare 50 private hytter og bustader.

4 mindre område er sikra som friområde: Djupeviki badeplass (KPA og reg.plan), Kalvik (KPA grøntområde G15), Sinkelsteinsviki (reg.plan) og Monken (KPA og reg. plan). Kråkesteinen, litt nord for Djupeviki vert nytta som badeplass, men er sett av som LNF i KPA. Djupeviki badeplass har parkeringsplass, tilkomst som legg til rette for allmenn bruk.

Store deler av resterande tilgjengeleg strandsona er utbygd. Både strandsona og li-sona over vegen er, eller kan verta svært attraktive område for fritidshus.

Tilråding:

- Attverande ikkje utbygde areal i strandsona bør som hovudregel reserverast for naudsynte fellesanlegg og som friluftsområde for allmenn bruk
- Bør vurdere om Kråkesteinen i Djupeviki skal sikrast som friområde.
- Eventuelle nybygg bør avgrensast til fortetting av alt utbygde område, og reiseliv bør prioriterast.



Vangsnes – Fresvik, ca. 25 km.

Eigna og attraktive byggeområde på strekninga er avgrensa til strandsona Feios-Borlaug og Fresvik.

I KPA14 vart det lagt inn areal for å sikre utvidingsareal for tømmerkaien. Aust for tømmerkaien er eit større areal i fjorden sett av til akvakultur (VA33). I Feios er eit større område ved strondi ved skulen sikra som grøntområde i KPA14. Framlegg til detaljregulering er under utarbeiding. Ved Osen og Feiosbui er området i fjorden sett av til småbåthamn (VA8). Elles er største delen av sjøarealet i Feios sett av til friluftsområde i sjø (VA 16). I området Fedjane – Borlaug er strandsona i hovudsak sett av til LNF.

Vidare mot Fresvik er eit større areal i fjorden sett av til akvakultur (VA 34). I Fresvik vart noko areal sikra som grøntområde i KPA14, «Fresvik sentrum», G19 og «Fresvik vest» G20. Deler av G20 har rasa ut i fjorden. Badeplassen i Fresvik er sikra som grøntområde i KPA14. Det har vore næringsinteresser for deler av standsona, aust for Storelvi, med tanke på settefiskanlegg på land.

Tilråding:

- Attverande ikkje utbygd areal i strandsona bør som hovudregel reserverast for naudsynte fellesanlegg og som friluftsområde for allmenn bruk. Dette må vurderast opp mot næringsinteresser.
- Viktige landemerke som Borlaug-neset og Løneset bør ikkje forringast av byggetiltak.
- Bør vurdere om området sett av til akvakultur skal vidareførast.
- Vurdere arealbruk i høve settefiskanlegg på land i Fresvik.
- Vurdere arealbruk i sjøen i Fresvik; Småbåthamn i samband med kaien og butikken for å styrke aktivitet i sentrum.

Fresvik – Aurland kommunegrense

Strekninga er veglaus og ikkje eigna som byggeareal, med unntak av Simlenes.

Tilråding:

- Strekninga er innfallsport til verdsarvområde Vestnorsk Fjordlandskap, Nærøyfjorden, og bør liggja som LNF-område med byggeforbod i 100-metersbeltet.
- Det bør ikkje dispenserast frå byggeforbodet på strekninga.

